



## Tromsbønder på fagtur og todalsvisitt

Måndag var fylkesstyrene i Troms og Møre og Romsdal Bondelag på Nordmørvisitt. Oddvar Nordvik er leiar i fylkesstyret i Møre og Romsdal, og han fortel at denne studieturen egentleg er ein gjenvisitt etter at fylkesstyren i Møre og Romsdal var på tur til Troms i fjor. I løpet av eit par dagar skal dei rundt på Nordmøre for å sjå og høre, før dei tysdag ettermiddag sett seg på flyet nordover igjen.



*Gudmund Kårvatn tok imot og orienterte om driftsforma og historia til Kårvatn. Foto: Jon Olav Ørsal*

Heile gjengen treftes i Molde i dag tidleg, og første stopp var på Istad, før turen gikk vidare til Sunndalpotet på Grøa og alt vidare til Todalen og Kårvatn. Vidare skal dei innom Pestua for å sjå på nyfjøset for det bers til Vårsøg hotell for å ha felles styremøte, middag og overnatting.

Tysdag skal dei til Sivert Mauset for å sjå det nye fjøset i massivtre som MøreTre har levert. Vidare skal dei prøve å rekk innom Solstad i Øvre Surnadal, før turen går til Halså og nyfjøset på Åsbø og vidare til flyplassen i Kristiansund.

Oddvar fortel at bøndene i Troms har mykje dei same utfordringane som bøndene her men det er også mykje som er forskjellig. På det felles styremøtet skal dei diskutere årets jordbruksforandlinger og ein del andre ting og prøve å samle seg mot felles krav og strategi.



*På Kårvatn er det enno snø, og for den som vil ta seg ein topptur til Tydalsnebbå eller Bjøråskaret er det enno gode mulegheiter. Foto: Jon Olav Ørsal*

På Kårvatn var det Gudmund Kårvatn som tok i mot, og i det fine vårvêret var det naturleg å samlast rundt langbordet i gardstunet. Gudmund orienterte om Kårvatn i eit historisk perspektiv, om trafikkenåra frå Oppdal til kristiansund som gikk forbi Kårvatn. Vidare var sjølvsgatt driftsforma i dag eit viktig tema. På Kårvatn drives det i dag med kjøttffe av rasen Angus. Gudmund fortalte kvifor og korleis og om buskapen som beiter på i Naustådalen og Gammelseterdalen i tillegg til pleie av kulturlandskapet rundt garden.

På Kårvatn er det i dag rundt 25 angus mordyr og det blir satsa på kjøttproduksjon med leveranse til Mathallen i Trondheim – det er viktig med bådfé god kvalitet i tillegg til at det er ei historie rundt produkta. det vart sjølvsgatt mange spørsmål om kvifor og korleis og det var tydeleg at dette var eit interessant tema som vart diskutert rundt langbordet før dei fortsett på turen...